

Planstrategi
for
Lesja kommune
(jf. plan- og bygningslova §§ 10-1)



Lesja kommune

Godkjend av Lesja kommunestyre 26.05.16, sak 42/16.



Framsidedfoto: Benedikte Skarvik.

Føreord

I tråd med reglane i plan- og bygningslova §§ 10-1 kommunal planstrategi for Lesja kommune for perioden 2016 – 2020 godkjend i Lesja kommunestyre 26.05.16, sak 42/16.

Lesja, den 26.05.16

Mariann Skotte
ordfører
sign.

Innhald

Føreord	2
1 Innleiing	5
1.1 Kommunal planstrategi	5
1.2 Ulike plantypar	5
1.3 Organisering av planarbeidet i Lesja kommune	6
1.4 Planar utarbeidd av andre styresmakter	6
2 Rammevilkår	7
2.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	7
2.2 Forventningar til kommunal planlegging i Oppland	8
2.3 Nasjonale føringar	8
2.4 Regionale føringar	10
3 Om Lesja kommune	11
3.1 Areal	11
3.1.1 Verna areal	11
3.1.2 Utmark	12
3.2 Folkesetnaden i Lesja	12
3.3 Næringsliv og sysselsetting	14
3.3.1 Rovdyrtap	15
3.5 Naturressursar	15
3.6 Utdanning	16
3.7 Helse, omsorg og folkehelse	18
3.7.1 Helse og omsorg	18
3.7.2 Folkehelseoversikta	18
3.8 Regionalt samarbeid og forvaltning	18
3.9 Organisasjonsliv («Det sivile samfunn»)	20
4 Kommunebiletet for Lesja	20
5 Utfordringar og moglegheiter	22
5.1 Sentralisering – ein megatrend	22
5.2 Folkesetnaden	22
5.3 Næringslivet	22
5.4 Utdanning	23

5.5 Helse, omsorg og folkehelse.....	23
5.6 Utmarksforvaltning.....	23
6 Kommunereformen	23
7 Visjon	24
8 Strategiar og prioritert planoppgåver 2016 - 2020	24
8.1 Strategiar	24
8.2 Prioriterte planoppgåver 2016-2020.....	25
Vedlegg – planverk i Lesja kommune	28

1 Innleiing

1.1 Kommunal planstrategi

I tråd med plan- og bygningslova § 10-1 blir det her lagt fram kommunal planstrategi for Lesja kommune. Kommunen vil i planstrategien gje ein oversikt over viktige utviklingstrekk og utfordringar i kommunen. Kommunen vil vidare leggje fram nokre overordna mål og strategiar for den kommunale planlegginga. Til slutt skal planstrategien gje ein oversikt over behovet for å utarbeide nye kommunale planar, og det gjeldande planverket i kommunen.

1.2 Ulike plantypar

Kommunen har eit omfattande planverk som omfattar areal, samfunnsutvikling innanfor ulike sektorar og sektorane sine faglege oppgåver i den kommunale forvaltinga.

I tabell 1 er det vist ein oversikt over ulike typar planar i Lesja kommune.

Tabell 1. Plantypar i Lesja kommune

Hovudtype	Undertype	Heimel
Arealplan	Arealdelen til kommuneplan (godkjend 2013).	Plan- og bygningslova kap. 11
	Områdereguleringsplan	Plan- og bygningslova kap. 12
	Detaljreguleringsplan	
Samfunnsplan	Samfunnsdelen til kommuneplan (godkjend 2007)	Plan- og bygningslova kap. 11
	Tematiske kommuneplanar for t.d. trafikksikkerheit, kulturminne, næring osv.	
Planprogram	Planprogram blir fastsett for alle kommuneplanar og for reguleringsplanar som ikkje er i tråd med kommuneplanen.	Plan- og bygningslova § 4-1, jf. §§ 11-13 og 12-9.
ROS-analyse	Det blir utarbeidd ROS-analyse for kommune- og reguleringsplanar.	Plan- og bygningslova § 4-3.
Fagplanar	Sektorane kan utarbeide eigne fagplanar som ikkje er forankra i reglane i plan- og bygningslova t.d. IKT-plan, smittevernplan, informasjonsplan, skiltplanar, kriseplanar osv.	Knytt til verksemda i den enkelte sektor.

Plan og bygningslova § 10-1:

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden. Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling. Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves. Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

1.3 Organisering av planarbeidet i Lesja kommune

Behandlinga av planforslag er delt mellom det administrative og politiske styringssystemet i kommunen.

Rådmannen er ansvarleg for den administrative behandlinga av planar og planforslag. Planar etter plan- og bygningslova blir saksbehandla i sektor for forvaltning og utvikling v. sektorleiar og planleggar/plan- og miljøkonsulent. Rådmannen har oppretta eit **administrativt planforum** for ei fagleg drøfting/sikring av planforslag mellom medarbeidarar på plan, teknisk, byggjesak og landbruk. Andre fagpersonar kan bli invitert etter behov.

Private partar kan fremme forslag til detaljreguleringsplan.

Statens Vegvesen kan utarbeide planforslag og sjølv sørge for offentlig ettersyn av reguleringsplanar for veganlegg.

Andre faglege planar kan bli saksbehandla av den enkelte sektor.

Kommunestyret er øvste politiske organ for planbehandling i kommunen. Kommunestyret har delegert til **formannskapet** og sørge for offentlig ettersyn og førebunde behandling av forslag til kommuneplanar. Likeins er **forvaltningsstyret** ansvarleg for reguleringsplanar.

Kommunestyret skal fastsette planprogram for aktuelle planar, og godkjenne den kommunale planstrategien.

1.4 Planar utarbeidd av andre styresmakter

Andre styresmakter er gjeve heimel til å utarbeide planar som kan påverke verksemder og forvaltning i kommunen. Det er vist ein oversikt over dette i tabell 2.

Tabell 2. Døme på viktig plantypar utarbeidd/godkjend av andre styresmakter.

Type	Styresmakt	Heimel
Regional plan	Fylkeskommunen	Plan- og bygningslova kap. III.
Verneplanar og forvaltningsplanar	Fylkesmannen, verneområdestyre	Naturmangfaldlova kap. V
Kraft- og energianlegg	NVE	Vannressurslova, energilova, vassdragsreguleringslova.

Regionale planar gjev overordna styresmakter heimel for å fremme **motsegn** til kommunale planar som er i strid med ein regional plan.

Gjennom fastsetting av eigne **verneforskrifter** gjev verneplanane innskrenkingar i kommunen sitt forvaltningsmynde i dei aktuelle verneområda.

Staten kan gje utbygger **konsesjon** (med vilkår) for regulering av vassdrag, bygging/drift av kraftanlegg og overføringsliner.

2 Rammevilkår

2.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I plan- og bygningslova § 6-1 heiter det:

«For å fremme en bærekraftig utvikling skal Kongen hvert fjerde år utarbeide et dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette skal følges opp i planleggingen etter denne lov og legges til grunn for statens deltaking.»

Regjeringa har sist utarbeidd eit slik dokument i juni 2015, og vi vil her gjeva att dei viktigaste styringssignala og forventingane.

Gode og effektive planprosessar.

Regjeringa viser m.a. til:

- Enklare regelverk og betre samarbeid
- Målretta planlegging
- Auka bruk av IKT i planlegginga.
- Godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag
- Samtidig medverknad
- Gjeva tydelege og relevante krav.

Berekraftig areal- og samfunnsutvikling

Regjeringa viser m.a. til:

- Eit klimavenleg og sikkert samfunn
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
- Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse.
- ROS i samfunnsplanlegginga
- Identifisere viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og ta omsyn til desse i regionale og kommunale planar.
- Samarbeid om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnarskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar.
- Sikre tilstrekkeleg areal for næringsutvikling.
- Sikre viktige jordbruksområde.
- Sikre god tilgang til mineralreservar, og sjå behovet for byggjeråstoff i ein regional samanheng.
- Ta omsyn til Forsvaret sine behov.

Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Regjeringa viser m.a. til:

- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Eit framtidsretta og miljøvennleg transportsystem
- Levande by- og tettstadssenter
- Helse og trivsel
- Regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og transportsystem

- Nok og variert bustadbygging
- Høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt
- Aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk
- Trygge og helsefremjande bu- og oppvekstvilkår
- Ta vare på naturverdiar og leggje til rette for fysisk aktivitet
- Leggje prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging.

2.2 Forventingar til kommunal planlegging i Oppland

Fylkesmannen har i brev dagsett 19.10.15 sendt brev til kommunane i Oppland om forventingar til kommunal planlegging i Oppland. For utan å vise til dei nasjonale forventingane, legg fylkesmannen vekt på:

- Ikkje gjera arbeidet med planstrategien meir omfattande enn naudsynt.
- Bruke fylkesmannen sin «kommunebilder» som innspel til planstrategien.
- Viktige å revidere kommuneplanen jamnleg, og vurdere behovet for revidering i planstrategien.
- Fylkesmannen legg om si saksbehandling, og vil prioritere tidleg og tett dialog i store og komplekse saker.

2.3 Nasjonale føringar

Departementa og fagdirektorata innanfor statleg forvaltning har utarbeidd retningslinjer og rettleiarar for kommunal planlegging. I tabell 3 er vist ein oversikt over dei viktigaste statlege styringsdokumenta, forutan det som går fram av lover og forskrifter.

Tabell 3. Statlege styringsdokument for kommunal planlegging.

Tema	Styringsdokument	Lenke	Etat
Samfunnsdelen	T-1492 Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen - handlingsdelen	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommuneplanprosessen-samfunnsdelen/id679401/	KMD
Arealdelen	T-1491 Kommuneplanens arealdel	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommuneplanens-arealdel/id676377/	KMD
Reguleringsplan	T-1490 Reguleringsplan	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/reguleringsplanveileder/id613879/	KMD
Grad av utnytting	H-2300 Grad av utnytting	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/grad-av-utnytting/id749790/	KMD
Plankart	Plankartsiden	https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan-og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/plankartsiden/id2361154/	KMD
Planlegging	Ordliste for planlegging	https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan-og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/Bokmal-nynorsk-ordliste/id614473/	KMD
Statlege planretningslinjer	Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig-areal-og-transportplanlegging/id2001539/	KMD
Statlege planretningslinjer	Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/planretningslinje-klima-energi/id575764/	KMD
Statlege planretningslinjer	Barn og unges interesser i planleggingen	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rikspolitiske-retningslinjer-for-a-styrk/id519347/	KMD

Tema	Styringsdokument	Lenke	Etat
Statlege planretningslinjer	Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1078-vernede-vassdrag/id425432/	KMD
Statlege planbestemmelser	Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre	https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/regional-planlegging1/regional-planlegging1/regional-planlegging1/regional-planlegging1/rikspolitisk-bestemmelse-for-koepesentre/id499464/	KMD
Fritidsbygg	T-1450 Planlegging av fritidsbebyggelse	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1450-planlegging-av-fritidsbebyggelse/id88355/	KMD
Veg	T-1057 Retningslinjer for planlegging av riks- og fylkesveger etter Plan- og bygningsloven	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1057-riks-og-fylkesveger/id107727/	KMD
Veg	Håndbok N100 Veg- og gateutforming	http://www.vegvesen.no/_attachme nt/61414/binary/964095?fast_title=H%C3%A5ndbok+N100+Veg-+og+gateutforming+%288+MB%29.pdf	Statens Vegvesen
Veg	Viktigste endringer i siste revidering av håndbok N100	http://www.vegvesen.no/_attachme nt/748246/binary/1006513?fast_title=Viktigste+endringer+i+siste+revidering+av+h%C3%A5ndbok+N100.pdf	Statens Vegvesen
Landbruk	T-1443 Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1443-plan-og-bygningsloven-og-landbruk/id88203/	KMD
Landbruk	Nasjonal jordvernstrategi	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-127-s-20142015/id2413930/?docId=PRP20142015012700DDDEPIS&navchap=1&ch=14	LMD
Kulturminnevern	Rettleiar Eksempelsamling Føresegner til arealplanar	http://hdl.handle.net/11250/284551	RA
Universell utforming	Temaveileder: Universell utforming og planlegging etter plan- og bygningsloven	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/temaveileder-universell-utforming-og-pla/id557913/	KMD
Samfunnstryggleik ROS	Samfunnssikkerhet i arealplanlegging Kartlegging av risiko og sårbarhet	http://dsb.no/Global/Publikasjoner/2008/Tema/temasamfunnssikkerhetareal.pdf	DSB
Naturfare	Flaum- og skredfare i arealplanar	http://www.nve.no/Global/Publikasjoner/Publikasjoner%202011/Retningslinjer%202011/retningslinjer2-11.pdf	NVE
Naturfare	Overvann i arealplanleggingen	http://www.miljokommune.no/Tema/oversikt/Overvann/Overvann-i-planlegging/	miljokommune.no
Radon	Radon i arealplanleggingen	http://www.miljokommune.no/Tema/oversikt/Forurensing/Radon/Radon-i-arealplanlegging-/	miljokommune.no
Støy	T-1442 Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen	https://www.regjeringen.no/contentassets/c19e1ed84f1449aabfd8ba7829e009c9/t-1442_2012.pdf	KMD
Støy	Veileder til Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen	http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Februar-2014/Veileder-til-retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging-T-14422012/	KMD
Motsegn	Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven	https://www.regjeringen.no/contentassets/262ead42d58f4404905659bff0a2e02e/retningslinjer_innsigelse_plansaker_pbl.pdf	KMD
Grønstruktur	Planlegging av grønstruktur i byer og tettsteder	http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Oktober-2014/Planlegging-av-gronnstruktur-i-byer-og-tettsteder/	MDir

Tema	Styringsdokument	Lenke	Etat
Biologisk mangfald	Villrein i arealplanleggingen	http://www.miljokommune.no/Tema/oversikt/planlegging/planhensyn/villrein/	miljokommune.no
Naturmangfald	Naturmangfold i saksbehandlingen	http://www.miljokommune.no/Tema/oversikt/Saksbehandling/Naturmangfold-i-saksbehandling/Naturmangfold-i-saksbehandling/	miljokommune.no
Folkehelse	Veivisere i lokalt folkehelsearbeid	https://helsedirektoratet.no/folkehelse/folkehelsearbeid-i-kommunen/veivisere-i-lokalt-folkehelsearbeid	Helsedirektoratet
Bustadsosialt arbeid	Boligsosial planlegging	http://www.husbanken.no/boligsosialt-arbeid/boligsosial-planlegging/	Husbanken
Helse	Samordningsreformen	https://helsedirektoratet.no/samhandlingsreformen	Helsedirektoratet
Helse	Meld. St. 29 (2012–2013) Morgendagens omsorg	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-29-20122013/id723252/	HOD
Helse	Meld. St. 26 (2014–2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet	https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-26-2014-2015/id2409890/	HOD

2.4 Regionale føringar

Regionale føringar for kommunen si planlegging ligg i hovudsak i regionale planar godkjend av fylkeskommunen (evt. departementet). For tida er Lesja omfatta av følgjande regionale planar:

- Fylkesdelplan for Dovrefjellområdet.
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Glomma 2016-2021
- Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2015 - 2021
- Regional plan for folkehelse i Oppland.

Elles er det regionale planar i prosess:

- Regional plan for Ottadalsområdet
- Regional plan for Dovrefjellområdet (rullering av fylkesdelplanen)

For planlegging langs riks- og fylkesveggar finst denne:

- Rammeplan for avkjørsler i Oppland (1985)

3 Om Lesja kommune

3.1 Areal

Lesja kommune dekker eit areal på **2259,5 km²**, og er med det den kommunen i Oppland med størst areal. Lesja er ein langstrakt kommune, med busetting langs ein 60 km lang akse mellom Joramo og Stueflotten.

I tabell 4 er det vist ein oversikt over hovudgrupper av arealtypar ein finn i kommunen. Eit særtrekk ved kommunen er at heile 2205 km² er ikkje utbygt areal (skog, ope fastmark, våtmark, bart fjell, grus- og blokkmark, varig snø, is og bre, og ferskvatn).

Areal dekt av bygningar er 0,76 km², som utgjør 0,34 ‰ av totalarealet i kommunen. Jordbruksarealet utgjør 1,9 ‰ av totalarealet.

Tabell 4. Hovudklasser av arealbruk og arealressursar (km²), etter arealklasse for Lesja kommune i 2015. (etter SSB).

Arealklasse	Areal
Boligbebyggelse	0,71
Fritidsbebyggelse	1,6
Bebygd område for landbruk og fiske	1,62
Næring, offentlig og privat tjenesteyting	0,5
Undervisning og barnehage	0,03
Helse- og sosialinstitusjoner	0,01
Kultur og religiøse aktiviteter	0,04
Transport, telekommunikasjon og teknisk infrastruktur	5,96
Beredskapstjenester og Forsvaret	0
Grønne områder, idretts- og sportsområder	0,87
Uklassifisert bebyggelse og anlegg	0,27
Jordbruksareal	43
Skog	311,74
Åpen fastmark	1272,5
Våtmark	16,76
Bart fjell, grus- og blokkmark	488,95
Varig snø, is og bre	22,13
Ferskvann	92,81
Uklassifisert ubebygd område	0

3.1.1 Verna areal

Lesja kommune er den kommunen i landet med mest verna areal, både i reelle og høvesvise verdiar, sjå tabell 5.

Tabell 5. Naturvernområde i Lesja kommune pr. 2013

Type	Vernet areal	Prosentvis del av
Nasjonalpark	1229,01	54,4
Landskapsverneområde	485,44	21,5
Sum	1714,45	75,9

3.1.2 Utmark

Lesja har vore ein føregangskommune når det gjeld utmarksforvaltning. Lesja fjellstyret var tidleg ut med å formalisere oppsynet med sine område, og etablerte fjelloppsyn på fulltid allereie på 1950-talet. Personar i kommunen var også pådrivarar for å etablere villrein på nytt i Reinheimen på 1960-talet. Også på Dalsida og i Snøhetta har kommunen spelt ei sterk fagleg rolle for forvaltning av villrein, fisk og fjellområde.

Lesja er blant dei kommunane i landet med størst villreinareal og flest fellingsrettar. Kommunen har også gjort ein stor innsats for å formidle naturverdiar og kulturhistorie knytt til fjellet gjennom utstillingar og aktivitetar på Lesja bygdemuseum.

Lesja har store utmarksressursar knytt til beite, jakt og fiske. I Lesja finst eit sterkt fagmiljø for forvaltning og formidling av desse verdiane.

3.2 Folkesetnaden i Lesja

SSB oppgjev at Lesja kommune i 2015 har ei utrekna folkemengd på 2059 personar, fordelt på 1051 (51 %) menn og 1008 (49 %) kvinner. Det er ikkje noko vesentleg skeivfordeling mellom kjønna i nokon av dei ulike aldersgruppene. Tabell 6 viser folkesetnaden i Lesja fordelt på kjønn og aldersgrupper.

Etter SSB sin definisjon er det ikkje tettstader i Lesja. Innbyggjarane bur då også spreidd etter heile bygda, men med Lesja sentrum og Lesjaskog som to tyngdepunkt i kommunen. I tabell 9 er det vist folketal for dei ulike grunnkretsane i Lesja, sjå også figur 1. Ein høvesvis stor del av landbrukseigedommane i Lesja har fast busetting, sjå tabell 10.

SSB opplyser at det i 2015 er busett 135 personar med innvandrarbakgrunn Lesja. Dette utgjør 6,6 % av innbyggartalet. I tabell 7 er det vist ei oversikt over personar med innvandrarbakgrunn i Lesja fordelt på opphavsland og kjønn. 115 (85 %) av dei har europeisk bakgrunn.

Av tabell 7 går det fram at folketalet kan gå attende med 7,2 % dei neste 10 åra. I same periode kan innbyggargruppa over 67 år sin del av folketalet auke frå 18,4 til 26,6 %.

Tabell 6. Folkemengd 1. januar, etter kjønn og alder, 2015 (Etter SSB).

Aldersgruppe (år)	M (personar)	%	K (personar)	%	Tot (personar)	%
0-5	50	2,4	61	3	111	5,4
6-15	151	7,3	114	5,5	265	12,9
16-18	36	1,7	38	1,8	74	3,6
19-30	136	6,6	123	6	259	12,7
31-40	105	5,1	102	4	207	10,1
41-50	142	6,9	129	6,3	271	13,2
51-67	260	12,6	234	11,4	494	24
68-105	171	8,3	207	10,1	378	18,4
Sum	1051	50,9	1008	48,1	2059	100,3

Tabell 7. Innvandrere, etter kjønn og landbakgrunn, 2015 (Etter SSB).

Menn	Personar	Kvinner	Personar	Sum
Europa unntatt Tyrkia	57	Europa unntatt Tyrkia	58	115
Afrika	3	Afrika	7	10
Asia med Tyrkia	0	Asia med Tyrkia	4	4
Nord-Amerika	3	Nord-Amerika	0	3
Sør- og Mellom-Amerika	3	Sør- og Mellom-Amerika	0	3
Oseania	0	Oseania	0	0
Statslause	0	Statslause	0	0
Ikkje oppgjeve	0	Ikkje oppgjeve	0	0
Sum	66	Sum	69	135


Tabell 8. Framskrive folkemengde, etter kjønn, alder og tid for Lesja kommune (Etter SSB)

		2020			2025		
		Mid. nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Lav nettoinnvandring (Alternativ MMML)	Sterk aldring (Alternativ LHML)	Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)	Lav nettoinnvandring (Alternativ MMML)	Sterk aldring (Alternativ LHML)
Menn	0-5 år	54	54	50	54	53	47
	6-15 år	113	112	112	86	84	82
	16-66 år	622	612	615	595	587	590
	67 år eller eldre	218	218	225	238	238	252
Kvinner	0-5 år	53	52	48	52	50	46
	6-15 år	106	103	104	101	100	96
	16-66 år	593	587	589	546	541	542
	67 år eller eldre	220	220	227	244	243	256
Sum		1979	1958	1970	1916	1896	1911

Tabell 9. Folkemengde, etter grunnkrets, Lesja 2015 (Etter SSB)

Grunnkrets	Personer
05120101 Bjorli	99
05120102 Rånå	36
05120103 Enebo	48
05120104 Kyrkjekrinsen	221
05120105 Sletten	88
05120106 Verket	98
05120107 Svarthø	..
05120108 Skarvehøene	..
05120201 Nordmo	194
05120202 Lyftingsmo vest	164
05120203 Lyftingsmo øst	129
05120204 Kyrkjebygda	404

05120205 Bø	216
05120206 Kjøremgrenda	195
05120207 Joramo	163
05120208 Dalsida	3
05120209 Lordalen/Grønhø	..
05129999 Uoppgitt grunnkrets	1
Sum	2059



Figur 1. Folketal etter grunnkrets, 2014 (Kjelde: SSB)

Tabell 10. Landbrukseigedommar utan fast busetting, prosent. (Kjelde: SSB)

Kommune, region\årstal	2010	2014
Lesja	11,5	11,7
Dovre	15,3	16,4
Skjåk	16,2	15,6
Lom	15,3	12,2
Vågå	17,7	16,9
Sel	12,3	12,6
Oppland	15,1	15,6
Landet	21,4	20,8

3.3 Næringsliv og sysselsetting

Næringsliv og sysselsetting på Lesja er dominert av tre større grupper:

- Landbruk
- Bygg og anlegg
- Offentleg forvaltning og tenesteyting.

I tabell 10 er det vist ei oversikt over ulike verksemdar i Lesja. Utanom dei tre største gruppene er varehandel, transport, overnatting/servering og eigedom viktige bransjer.


Tabell 10. Talet på verksemdar, etter næring (SN2007), og talet på tilsette i Lesja 2015. (Etter SSB)

Verksemd\tilsette	Ingen	1-4	5-9	10-19	20-49	50-99
Jordbruk, skogbruk og fiske	194	41	1			
Bergverksdrift og utvinning	1					
Industri	9		4	1		
Bygge- og anleggsverksemd	23	12	4	2	1	
Varehandel, reparasjon av	14	9	2	3		
Transport og lagring	5	3	1	3		
Overnattings- og serveringsverksemd	8	2		2		
Informasjon og kommunikasjon	1	1				
Omsetning og drift av fast eigedom	23	4				
Faglig, vitenskapelig og teknisk	6	4	1	1		
Forretningsmessig tenesteyting	9	4				
Offentlig administrasjon og forsvar,		1	2	1	1	
Undervisning	2	1			2	
Helse- og sosialtenester	8	8	3	2	3	1
Kultur, underholdning og fritid i alt	7	4	1			
Personlig tenesteyting	5	2	1			
Ikkje oppgjeve	1					

Per desember 2015 har NAV registrert 18 arbeidsledige (1,6 %) i Lesja.

3.3.1 Rovdyrtap

I Lesja har det vore, og er framleis vesentleg tap av beitedyr til freda rovdyr. Særleg har førekomsten av jerv i beiteområda vore eit stort problem. I figur 2 er det vist ein oversikt over rovdyrtap på Lesja dei siste åra.



Figur 2. Sauerstatning i Lesja kommune 2012-14 (Etter Rovbase).

3.5 Naturressursar

Arealressursar

I tabell 11 er det vist ein oversikt over arealressursane i Lesja

Tabell 11. Arealressursar i Lesja. (Kjelde: Skog og landskap, AR5 årsversjon 2014.)

Arealtype	Areal (daa)	%
Fulldyrka jord	37 810	1.7
Overflatedyrka jord	734	0.0
Innmarksbeite	4 829	0.2

Produktiv skog	157 738	7.3
Uproduktiv skog	141 346	6.5
Åpen myr	8 007	0.4
Åpen jorddekt fastmark	184 120	8.5
Åpen skrinn fastmark	189 894	8.8
Bebyggd	2 342	0.1
Samferdsel	2 878	0.1
Snø og isbre	4	0.0
Totalt kartlagt i AR5	729 702	33.6

Jordbruk.

Innmarksareala utgjør 43373 daa, og fulldyrka jord utgjør heile 37810 daa av det totale jordbruksarealet. Lesja er heldig stilt ved at den dyrka marka i hovudsak ligg i nær tilknytning til gardane i bygda. Tilsvarande har seterarealet vorte meir ekstensivt nytta, i hovudsak til beite i samband med slepp og samling av beitedyr. Dette er likevel eit viktig element i bruken av utmarksbeitet. Også utmarksbeitet har stor verdi. NILF har for 2006 rekna ut verdien av utmarksbeitet i Oppland til godt og vel 41 mill. føreiningar, og Lesja har følgjeleg sin del av denne verdiskapinga.

Skogbruk.

Det produktive skogarealet på Lesja er sett til 125254 daa. (SSB 2014). I 2013 var avverkinga på 4929 m³, noko som gjev ei avverking på 0,04 m³/ daa/år. Dette indikerer at det er eit vesentleg ikkje utnytta potensial i skogproduksjonen i Lesja.

Byggjeråstoff.

I Lesja finn ein fleire mektige lausmasseførekomstar som er eigna for tekniske føremål. I tillegg er det planlagd uttak av fjell til knusing.

Vasskraft.

Aursjømagasinet er ein stor ressurs, som er nasjonalt viktig, for kraftproduksjon. I tillegg er det etablert eit par småkraftverk i mindre sidevassdrag til Rauma.

3.6 Utdanning

Grunnskuleutdanninga i Lesja er lokalisert til to skuleplassar: Lesja sentrum og Lesjaskog. Spreidd busetting i ein langstrakt kommune har gjort dette til ei rasjonell og god løysing. Elevane i Lesja har Dombås og Otta som sine næraste tilbod for vidaregåande opplæring.

Gjennom nasjonale kartleggingar er det vist at skulane i Lesja held god kvalitet. Karaktersnittita ligg jamt over tal på lands- og fylkesnivå, jf. tabell 11.

Tabell 12 viser at i Lesja har ein større del av innbyggjarane fullført vidaregåande opplæring enn både Oppland og på landsbasis, medan forholdet er omvendt for høgare utdanning.

Tabell 11. Karakterar 10 årstrinn for landet, Oppland og Lesja (Kjelde: Utdanningsdirektoratet)

	2013-14		2014-15	
	Standpunkt		Standpunkt	
Fag (Hele landet) - Nasjonalt - Fylke -	Snittkarakter	Antall	Snittkarakter	Antall
Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	4,0	59 084	3,9	59 843
Hele landet	4,0	59 084	3,9	59 843
Oppland	3,9	2 260	3,8	2 260
Lesja	4,3	20	4,2	34
Engelsk 10. årstrinn, muntlig	4,2	59 201	4,2	59 935
Hele landet	4,2	59 201	4,2	59 935
Oppland	4,1	2 259	4,1	2 270
Lesja	4,7	20	4,4	34
Matematikk 10. årstrinn	3,5	59 347	3,5	59 940
Hele landet	3,5	59 347	3,5	59 940
Oppland	3,4	2 270	3,3	2 267
Lesja	3,5	20	3,9	34
Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	3,8	58 916	3,8	59 547
Hele landet	3,8	58 916	3,8	59 547
Oppland	3,8	2 247	3,8	2 256
Lesja	4,1	20	4,1	34
Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	3,7	52 945	3,6	53 436
Hele landet	3,7	52 945	3,6	53 436
Oppland	3,6	2 113	3,6	2 115
Lesja	4,2	20	4,4	34
Norsk 10. årstrinn, muntlig	4,2	58 855	4,2	59 492
Hele landet	4,2	58 855	4,2	59 492
Oppland	4,1	2 244	4,2	2 253
Lesja	4,4	20	4,5	34

Tabell 12. Personer 16 år og over, etter region, nivå, 2014

		2014		
		Personer 16 år og over (prosent)		
		0512 Lesja	Oppland	Landet
Alle nivåer	Begge kjønn	100	100	100
Grunnskolenivå	Begge kjønn	26,8	30,8	27,3
Videregående skole-nivå	Begge kjønn	52	45,1	41,3
Universitets- og høghskolenivå kort	Begge kjønn	17,2	19,3	22,7
Universitets- og høghskolenivå lang	Begge kjønn	4	4,8	8,7
Uoppgitt eller ingen fullført utdanning	Begge kjønn

3.7 Helse, omsorg og folkehelse

3.7.1 Helse og omsorg

I handlingsplan for helse, omsorg og folkehelse er det m.a. peika på følgjande forhold:

- Gode men fragmenterte helse- og omsorgstenester i Lesja kommune.
- Desentralisert tenestetilbod.
- De fleste lokaliteter og bygg er nedslitne og lite funksjonelle.

3.7.2 Folkehelseoversikta

Kommunen er etter folkehelselova § 5 pålagt å ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden til innbyggerane i kommunen. Folkehelselova definerer helse i vid forstand, og folkehelseoversikta har såleis statistikk for ei lang rad helsemessige og sosiale forhold som ein veit kan påverke helsetilstanden i innbyggerane i kommunen. Lesja sin folkehelseoversikt er frå august 2014, og det blir her gjeve att dei viktigaste momenta i dokumentet:

- Talet på hushald med låg inntekt ligg på rundt 10 %.
- Lesja har høvesvis få personar med nedsett arbeidsevne, talet ligg på ca. 50. (4-5 % av arbeidsstyrken).
- Lesja har det lågaste sjukefråveret i Nord-Gudbrandsdalen, og ligg eit prosentpoeng under nivået på landsbasis.
- Lesja har den lågaste prosentdelen uføretrygda i Nord-Gudbrandsdalen.
- Lesja har den lågaste prosentdelen mottakarar av sosialhjelp, ca. 1-2 % av innbyggartalet.
- Alle drikkevassanlegg som forsyner 50 pers. eller fleire har tilfredsstillande kvalitet.
- 1 – 2 % av elevane i grunnskolen har opplevd mobbing (sjølv om talet synest lågt, bør ein merke seg at mobbing i sitt vesen er noko som råkar få og utsette elevar).
- Talet på ulukker og skader er på nivå med, eller litt lågare enn kva ein finn elles i regionen.
- Lesja har høgare del av elevar enn elles i regionen/landet av elevar som opplever trivsel og mestring i skulen.
- Kommunen har ein auke i tilfelle av diabetes type 2, men nivået er likevel lågare enn kva som elles er vanleg.
- Lesja har hatt ein liten nedgang i bruk av medisinar mot hjerte- og karsjukdommar, og dødelegheiten av same har gått vesentleg ned.
- Innbyggerane i Lesja har vesentleg mindre bruk av fastlege og spesialhelseteneste enn kva som elles er vanleg.
- I Lesja er bruken av antidepressiva o.l. vesentleg lågare enn for regionen elles.

3.8 Regionalt samarbeid og forvaltning

Lesja kommune deltek i ei rad regionale og interkommunale samarbeid. Dei viktigaste er omtalt her.

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen (6 kommunar)

Regionrådet er eit politisk organ som m.a. skal fremje regionen sine interesser gjennom:

- å leggje til rette for næringsutvikling, med særleg vekt
 - gode vilkår for nyetableringar

- vidareutvikle eksisterande næringsliv
- etablering av offentlege arbeidsplassar
- politisk interessearbeid overfor overordna myndigheiter i distriktspolitiske spørsmål.
- å samordne kommunane sine høyringsuttaler der ein finn det tenleg.
- interkommunale samarbeidstiltak
- å profilere regionen som ein attraktiv tilflyttarregion

Regiondata

Interkommunalt selskap for felles IKT-løysing for kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.

Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR)

Interkommunalt selskap for felles renovasjonsordning for kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.

Kartsamarbeid i Nord-Gudbrandsdalen (NGGIS)

Formalisert samarbeid om forvaltning av geodata, og levering av karttenester.

Nord-Gudbrandsdalen lokalmedisinske senter

Tilbodet ved NGLMS er knytt til kommunale helsetenester, interkommunale helsetenester, regionale oppgåver og prosjekt i tillegg til spesialisthelsetenester. Senteret har ein sengepost.

Andre regionale samarbeid

- Nord-Gudbrandsdal PPT
- 6K skule
- 6K, barnehage
- 6K, helse.

Slådalsvegen

Felles kommunal veg med Vågå kommune.

Verneområdestyre

Lesja kommune er representert i Nasjonalparkstyret for Dovrefjell og Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Villreinnemnder

Lesja kommune er representert i Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø, og Villreinnemnda for Reinheimen_Breheimen.

Lesja og Dovre brannvesen

Lesja har felles brann- og feiarvesen med Dovre kommune.

Felles landbrukskontor for Lesja og Dovre

Lesja har felles landbrukskontor med Dovre kommune. Kontoret er lokalisert i Lesja kommune.

3.9 Organisasjonsliv («Det sivile samfunn»)

I Lesja kommune finn ein eit mangfaldig organisasjonsliv knytt til ulike felt og interesser. Det er gjeve ei stutt omtale her.

Politiske parti

Fire ulike politiske parti har lokallag i Lesja: Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Venstre og Høgre.

Arbeidsliv

Dei vanlege arbeidstakarorganisasjonane har foreiningar i Lesja: LO, YS, Akademikerne, NHO (Innlandet) og KS.

Næring

Viktige næringsorganisasjonar i Lesja er: Norges Bondelag, Norges Bonde- og småbrukarlag, Mjøsen Skog AS, Norsk Sau og Geit, Nasjonalparkriket Reiseliv AS, Bjorli-Lesja næringslag og ulike grunneigarlag.

Idrett

I Lesja finn ein eit allsidig idrettsliv med m.a.: Lesja idrettslag, Lesjaskog idrettslag, Lesja skytterlag, Lora skyttarlag, Lesjaskog skyttarlag, Lesja og Dovre sykleklubb, Lesja fallskjermklubb og NMK Nord-Gudbrandsdalen.

Kultur

Lesja har eit blomstrande kulturliv med m.a.:

- Kjøremgrenda musikkforening
- Lesja skulemusikk
- Lesjaskog skulemusikk
- Lesja og Lesjaskog sangkor
- Ungdomslaget Verdandi
- Lesja Husflidslag.

Andre ideelle organisasjonar

- Lesja historielag
- Lesja bygdemuseum – venneforeining
- Stueflotten kulturlag
- NJFF Lesja
- Lesjaskog sanitetsforening
- Lesja bygdekvinnelag
- Lesjaskog bygdekvinnelag og
- seks grendalag.

4 Kommunebiletet for Lesja

Fylkesmannen presenterer årleg såkalla «kommunebilder» som viser situasjonen i kommunen for ulike parameter. Kommunebiletet for Lesja i 2015 viser slike hovudtrekk for kommunen:

- **Økonomi:** Akkumulert meirforbruk for åra 2012 -14 har plassert kommunen på ROBEK-lista. Kommunen har no budsjettert med positivt netto årsresultat for 2015 og vidare i økonomiplanperioden. Legg opp til disposisjonsfond på 10 % av driftsinntektene.
- **Planmyndighet:** Løpande revidering av kommuneplanen, jf. også nasjonale forventingar til kommunal planlegging (KMD, juni 2015).
- **Grunnskule:** Grunnskulepoeng har ligge høgt i Lesja over år. God kompetanse i lærerstaben.
- **Barnehage:** Barnehagane har god dekning av kvalifisert personale.
- **Barnevern:** Ingen brot på tidsfristar.
- **Folkehelse:** Godt i gong med folkehelseoversikta, og pågåande aktivitet på feltet.
- **Helse og omsorg:** Ikkje etablert demensteam, eller tilrettelagd tilbod som dagaktivitet til personar med demens.
- **Sosiale tenester:** Gjennomført tilsyn 2013. Tilsynet ble avslutta i 2013 etter at Fylkesmannen hadde funne at kommunen sin tiltaksplan var tilstrekkeleg for å rette opp avvika som ble funne.
- **Miljømyndighet:** *«Fylkesmannen har inntrykk av at Lesja kommune arbeider relativt bra på miljøområdet. Likevel har kommunen mye å hente på å få på plass mer stabil naturfaglig kompetanse, og det er behov for mer ressurser til plan- og dispensasjonsbehandling. Saksdokumenter inneholder tilfredsstillende opplysninger om eksisterende kunnskapsgrunnlag i saks- og planvurderinger, men det skorter på vurderinger opp mot den helhetlige påvirkningen som tiltak kan medføre på gitte naturverdier og hvordan verdiene konkret ivaretas.»*
 - **Naturforvaltning:** Viktig å sikre sandområde langs dei store vassdrag, og villreinstammen i fjellet – særleg ift. hyttebygging på Bjorli.
 - **Forurensing:** To reinseanlegg, tidlegare problem med utslepp frå Symtech Productions AS, men dette har betra seg. Viktig å følgje opp separate avløpsanlegg.
 - **Klima:** *«Lesja har egen klimaplan fra 2011 koblet til felles regional plan for Nord-Gudbrandsdal. I planen er det satt som mål å redusere energiforbruk i kommunale bygg med 10 % innen 2015. Pr. 2012 var imidlertid energiforbruket uendret ifølge en rapport som Fylkesmannen nylig har fått utarbeidet. Siden klimaplaner skal vurderes for revisjon minst hvert 4. år, bør Lesja revidere sin plan snart.»*

Kommentar:

Det er kommunens oppgave å foreta helhetlig forvaltning og beslutningstaking, og på denne måten ivareta sin rolle som samfunnsutvikler. Lesja har som de fleste utmarkskommuner store utfordringer med nedgang i sysselsetting og negativ folketallsutvikling. Nær 80 % av kommunen er underlagt vern og enda mer lagt inn i regional plan for villrein. Det finnes i Lesja svært mye kompetanse på miljø- og naturforvaltning, ikke minst lokalkunnskapsbasert, både i kommuneadministrasjon og i andre fora knyttet opp mot og i nær kontakt med kommunen. I tillegg henter kommunen i tråd med sentralpolitiske intensjoner, inn spisskompetanse fra andre forvaltningsorganer og –nivåer på naturforvaltning. Lesja kommune mener å inneha svært god og helhetlig kompetanse på plan- og arealforvaltning. Samtidig må understrekes at god tjenesteproduksjon er avhengig av kapasitet/ressurstilgang, intern organisering og respekt for kommunestyret som ansvarlig beslutningsorgan.

- **Landbruksforvaltning:**
 - Felles landbrukskontor med Dovre – positivt med samarbeid
 - Stor produksjonsauke - nest størst av kommunane i Oppland på mjølkeproduksjon.
 - Positivt med tilskott til nydyrking og nyetablering. Godkjend 315 daa for nydyrking i 2014.
 - Nytt ordning med statleg tilskott til drenering godt.
 - 57,5 millionar kr i produksjonstilskott til Lesja i 2014.
 - Kommunen bør avsette ressursar til å mobilisere også til nye bygdenæringar.
 - Skogbruket avverka for 1,3 millionar kr i 2014.
- **Samfunnstryggleik og beredskap**
 - Heilskapleg ROS-analyse oppfyller ikkje minimumskravene i forskriften og bør bli revidert snarast.
 - Viktig med heilskapleg plan for handtering av overvatn, særleg på Bjorli.
 - *«Kommunen blir sjelden satt på prøve ifm reelle hendelser, men når så har skjedd har kriseledelsen bevist at de har en tilfredsstillende krisehåndteringsevne.»*
 - *«Fylkesmannen har inntrykk av at samfunnssikkerhet- og beredskapsarbeidet i kommunen i stor grad er lagt til beredskapskoordinatoren, både i planlegging, gjennomføring og evaluering. Kommunen bør vurdere en sammensetning av et beredskapsteam på 2-3 personer, som etter gitte kriterier skal arbeide med samfunnssikkerhet og beredskap. På grunn av dette mener vi kommunen mangler et systematisk og helhetlig arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap.»*

5 Utfordringar og moglegheiter

5.1 Sentralisering – ein megatrend

Sentralisering er ein såkalla megatrend i samfunnet, og dei fleste distriktskommunar opplever nedgang i folketalet. Utvikling i infrastruktur, næringsliv, utdanningsnivå, kultur og inntektsnivå gjer byar og sentrale strøk til attraktive område for individuell og samfunnsmessig utvikling.

I vårt land er det trass i dette enno levande lokalsamfunn i distrikta, som t.d. Lesja. Lesja bidreg såleis til verdiskapinga i landet, og verdier her knytt til kulturarv og natur er viktige for folk sin livskvalitet, også i sentrale strok.

5.2 Folkesetnaden

Menneska som bur i kommunen er den viktigaste ressursen for vekst og utvikling, og nedgang i folketalet er derfor ikkje positivt for verdiskaping og utvikling av sosiale og kulturelle arenaer. Negativt er det også at overføringane til kommunen går ned med dalande folketal.

Kartleggingar, m.a. gjennom folkehelseoversikta viser likevel at innbyggjarane i Lesja har god helse, opplever stor grad av trivsel og har gode sosiale relasjonar. Det er ein styrkje med tanke på framtidig busetting, og utvikling av lokalsamfunnet.

5.3 Næringslivet

Landbruket er den viktigaste næringsgreina i Lesja, og vil vera det i uoverskodelig framtid. Kommunen vil derfor ha mykje att for å satse på landbruket i sitt næringsarbeid.

Området Bjorli-Lesjaskog er eit viktig område for reiselivsutvikling i kommunen. Statistikken viser at det er ei utfordring å skape varige, lokale arbeidsplassar i reiselivet på Lesja. Satsinga på hyttebygging har likevel lagt til rette for at bygg- og anleggsbransjen har vorte ei viktig næring i Lesja.

5.4 Utdanning

Lesja kan vise til gode resultat, og god trivsel for elevane i grunnskulen. Med dalande folketal vil det kunne bli ei utfordring å oppretthalde to skuleplassar med sterke fagmiljø.

Lesja har saman med Dovre kjempa for eit vidaregåande opplæringstilbod på Dombås. Ein vidaregåande skule i nærområdet er viktig for å sikre at blir ein høg prosentdel som fullfører vidaregåande utdanning, og for oppretthalde gode ungdomsmiljø i lokalsamfunnet.

5.5 Helse, omsorg og folkehelse

Kommunen har ei godt tilbod til innbyggjarar med behov for pleie/omsorg og sosiale tenester. I kommunen sin «Handlingsplan for helse, omsorg og folkehelse» er det likevel peikt på utfordringar som må løysast i åra som kjem:

- Har vore arbeidd med skisse for ny sjukeheim, kombinert med felles helsehus omsorgsbustader.
- Omsorgstrappa er sentral i planarbeidet når framtidige helse og omsorgstenester skal planleggast.
- For å sikre bærekraftige helse og omsorgstenester:
 - ny infrastruktur, organisering og samlokalisering av helse- og omsorgstenestene.
 - Kapasitet, kvalitet og kompetanse er avgjerande i åra som kjem.

5.6 Utmarksforvaltning

Lesja kommune har gjennom ulike verneprosessar fått verna svært store areal, og kommunen sitt bidrag for å sikre nasjonale verneinteresser er såleis stort. Kommunen har likevel ikkje fått ei rolle i forvaltning av verneområda som er rimeleg sett i forhold til dei store areala som er bandlagd, og det sterke fagmiljøet ein finn på Lesja.

Villreinen er ein stor ressurs for Lesja kommune, både som jaktbar art, tradisjonsberar og attraksjon i reiselivet. Dei seinare års arbeid med regionale villreinplanar har likevel ført til meir fokus på arealbrukskonfliktar enn moglegheiter for lokalsamfunnet. Kommunen har truleg eit ikkje utnytta potensiale for forvaltning og verdiskaping i tilknytning til villrein, natur og verneområde.

På Dalsida og i Lordalen finn ein mange setergrender der den tradisjonelle setringa har teke slutt. Det er såleis ei utfordring å sikre ressursgrunnlag, kulturlandskap og kulturarv i desse områda. Ordninga med Landbruk Pluss, og lempingar i seterforskrifta for statsallmenningar gjev likevel eit utvida handlingsrom for satsingar som kan bidra til å opprettehalde setergrendene for framtida.

6 Kommunereformen

Regjeringa har sett i gang arbeidet med ein kommunereform, og Lesja kommune har delteke i eit forprosjekt med Dovre kommune med tanke på samanslåing av kommunane. Prosessen vart stilt i bero hausten 2015. Planstrategien er derfor utarbeidd med det som premiss at Lesja kommune vil bestå som eigen kommune også i kommande planperiode.

7 Visjon

Med bakgrunn i dei utfordringar kommunen møter, og dei ressursane kommunen rår over blir følgjande visjon lagt til grunn for planarbeidet i Lesja kommune:

Lesja kommune skal bestå som eit berekraftig lokalsamfunn på lang sikt, der kommunen legg til rette for:

- gode bu- og oppvekstvilkår
- gode rammer for næringsutvikling
- ein aktiv bruk av utmarka med gode fagmiljø og berekraftig ressursutnytting
- tryggleik for innbyggerane gjennom gode helse- og sosialtenester
- tilfredsstillande samfunnstryggleik og beredskap.

8 Strategiar og prioritert planoppgåver 2016 - 2020

8.1 Strategiar

1. Kommunen skal gjennom si planlegging samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver for bruk og vern av ressursar.
2. I arealdelen til kommuneplanen skal kommunen sørgje for tilstrekkeleg areal for bustadbygging, næringsutvikling og bygging av fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur. Det skal ikkje leggst til rette for nye byggjeområde sør for Gudbrandsdalslågen og Rauma.
3. Under føresetnad av at private reguleringsplanforslag oppfyller krav gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova, skal kommunen løpande ta slike opp til behandling.
4. Kommunen utarbeider sjølv reguleringsplanar der dette følgjer av kommuneplanen.
5. Samfunnsdelen til kommuneplanen skal leggje til rette for god tenesteyting, målretta bruk av kommunen sine ressursar og aktiv medverknad i samfunnsutviklinga frå det sivile samfunnet.
7. Kommunen bør for fagområde som involverer overordna styresmakter og private partar utarbeide tematiske kommuneplanar.
8. For faglege oppgåver som er knytt til kommunen si eiga forvaltning og drift kan det utarbeidast fagplanar utan forankring i plan- og bygningslova.
9. Kommunen vil med etablering av nytt sak-/arkivsystem i 2016 ta i bruk plandialog i behandling av arealplanar.
10. Kommunen vil satse vidare på det regionale GIS-samarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen, og ser at det er avgjerande for å kunne lukkast med digitalisering av planprosessane.

8.2 Prioriterte planoppgåver 2016-2020

Med bakgrunn i dei utfordringar kommunen møter, innspel i kommunebiletet og kommuneplan for Lesja vil Lesja kommune prioritere følgjande planoppgåver i perioden 2016 – 2020:

1. Revidering av Kommuneplan for Lesja – samfunnsdelen

Samfunnsdelen til kommuneplanen er frå 2007. Planen svarer ikkje lenger på dei utfordringane som kommunen møter i dag, og har svak forankring i det politiske og administrative styringssystemet. Erfaring viser at samfunn som har ein sterk og godt utvikla sivil sektor (også kalla «3. sektor») er betre rusta til møte nye utfordringar. Det er derfor behov for ei rullering av planen med vekt på:

- fastsette utviklingsmål for kommunen
- utvikle nye strategiar med vekt på involvering av det sivile samfunnet
- næringsutvikling på Bjorli-Lesjaskog.
- Framtidig organisering av tenestetilbodet sett i ljøs av endringar i folkesetnaden.
- Inkludering av flyktningar i samfunn, arbeids- og næringsliv.
- fastsette nytt handlingsprogram for planperioden.

2. Revidering av Kommuneplan for Lesja – arealdelen.

Lesja kommune har ein nyleg godkjend arealdelen til kommuneplanen, og arealbruken synest å vera god avklart. Det kan likevel vera grunn til å sjå på enkelte sider ved retningslinjer og føresegner slik at desse bli harmonisert med gjeldande regelverk. I tillegg er det behov for eit særleg fokus på sæterområda på Dalsida og Lordalen. Dette er historisk viktig område som det er viktig å sikre ein framhald i bruken av som ressursgrunnlag i landbruket, kulturarv og kulturlandskap. Vidare vil det vera behov for å særleg sjå på:

- ny avklaring av trase for ny veg mellom E136 og Lordalsvegen.
- oppfølging av regimet for bruken av Dalsidevegen, jf. resultat av meklinga med fylkesmannen i sak som galdt motsegn til arealdelen.

3. Bustadsosial plan – tematisk kommuneplan

Kommunen har sett i gong dette arbeidet for å følgje opp og samordne pliktar kommunen har etter lovverket. Planarbeidet må fullførast.

4. Tematisk kommuneplan for kulturminne i Lesja kommune

Kommunen har ein plan for kulturvern frå 1995 som i følgje Lesja kommune sin planstrategi skulle vore rullert i 2015. Det har skjedd mykje dei siste 20 åra, både med omsyn til kunnskapsgrunnlag, teknologi og gjennomførte tiltak. Den gamle planen er nå utdatert, og Lesja kommune ønskjer å lage ein ny temaplan for kulturminne etter plan- og bygningslova med utgangspunkt i den gamle. Den nye planen vil ha større fokus på nyare tids kulturminne og kulturmiljø samt kulturminne frå krigen. Målet er at planen skal bli eit godt verktøy i kommunen si saksbehandling i tillegg til at den skal auke medvitet i lokalbefolkninga om kulturminna dei finn i sine område. Kommunen vil og at planen skal bidra til auka stoltheit over eigen kulturhistorie og lokal identitet.

5. Landbruksplan for Lesja kommune – tematisk kommuneplan

Landbruk er den viktigaste næringsgreina i Lesja. Det er ei etablert næring med god tilgang på ressursar, kapital og kompetanse. Det er derfor venteleg at tiltak som blir sett inn for å utvikle denne næringa vil gagne Lesja godt også i framtida. Viktige problemstillingar vil vera

- bruksutbygging
- struktur
- jordvern
- ressursar på garden
- tilleggsnæringar.

6. Utmarksplan for Lesja – tematisk kommuneplan

Lesja har store utmarksområde, vesentleg høgfjell, men også areal med skog og vierkratt. Største delen av areala er statsallmenning, men det er også store område i privat eige. Områda er i dag godt utnytta for skogbruk, beite, jakt og fiske. Sidan dette er den største arealressursen som Lesja rår over kan det likevel vera fornuftig å utgreie om det finst ikkje utnytta næringspotensiale i desse områda, innanfor ei ramme av ei berekraftig utvikling. Ein utmarksplan kan vera eit slik verkty, og ein vil her vise til gode erfaringar frå Skjåk kommune.

7. Reguleringsplan for Lesja sentrum

Arbeidet er sett i gong, og må fullførast i planperioden.

8. Reguleringsplan for Lisser – Solsida

Det er varsla oppstart, og arbeidet med planen må fullførast. Viktig for framføring av VA til Solsida hytteområde, og etablering av gang- og sykkelveg mellom Lesjaskog og Bjorli.

9. Gang-/sykkelveg Solsida – Bjorli

Lesja kommune har i lang tid arbeidd for å få etablert ein gjennomgåande gang-/sykkelveg i kommunen, og arbeidet har komme langt. Strekninga Lesjaskog – Bjorli står at, og kommunen forventar at Statens Vegvesen følgjer opp med nødvendig planarbeid på strekninga.

10. Reguleringsplan for ny veg frå E136 – Lordalsvegen

I arealdelen er lagt inn ny trase for veg mellom E136 og Lordalsvegen. Kommunen har teke initiativ til å få avklart rettar og pliktar gjennom ei jordskiftesak, og det vil då, parallelt med jordskiftesaka, melde seg behov for å lage ein reguleringsplan for den nye vegtraseen.

11. Heilskapleg ROS-analyse for Lesja

Fylkesmannen har etterlyst ein oppdatert heilskapleg ROS-analyse for kommunen, for oppfylle fageleg krav til framstilling av ROS-analyser. Dette er viktig å følgje opp m.t.p. samfunnstryggleik og beredskap i kommunen.

12. Reguleringsplan for nye bustadområde

Kommuneplanen viser område for bustadbygging. Kommunen må sørge for å få områda regulert i planperioden.

13. Rullering av Klima- og energiplan for Lesja.

Endringar i teknologi, marknad, økonomiske rammevilkår og internasjonale avtalar gjer det naudsynt å rullere Klima- og energiplan for Lesja.

14. Reguleringsplan for Lorkverna

Det er knytt store allmenne interesser til plassen, samstundes som drifta skjer på ideelt grunnlag.

15. Reguleringsplan for Lesjaleira

Det er behov for å utgreidd om det bør lagast ein reguleringsplan for flomverk og sikringsanlegg på Lesjaleira, basert på ei teknisk plan frå NVE, og grunneigarane sine brukarinteresser i området.

16. Rullering av Trafikksikkerheitsplan for Lesja

Gjeldande plan gjeld for perioden 2014-2017.

Vedlegg – planverk i Lesja kommune

Delplaner for næring og utvikling:	Vedtatt	Arkivsaknr. ePhorte – Plantype
Kommuneplan for Lesja – arealdelen	19.12.2013	2006/1108
Kommunedelplan for næringsutvikling, Lesja kommune 2003-2006	Sak 59/03- 23.10.2003	
Strategisk næringsplan for Nord-Gudbrandsdalen	FORSLAG TIL REGIONAL PLANSTRATG	
Beitebruksplan for Lesja kommune 2000-2004		2008/969
Regional plan for satsingsområder i BU-saker (Prioritering/Kriterier for BU-tilskudd)	FORSLAG TIL REGIONAL PLANSTRATG	
Delplaner for miljø, samfunnsikkerhet, areal- og ressursforvaltning		
Naturvern og kulturvern 1988	1988	
Friluftslivsplan for Lesja 1987	1987	
Beredskapsplan for Lesja kommune, herunder plan for kommunal kriseledelse	2012	2011/769
Risiko- og sårbarhetsanalyse for Lesja og Dovre kommuner fra 1995 (<i>under revisjon</i>) Lesja kommune skal lage sin egen nå.	1995	
Arealdelen av kommuneplan (<i>under revisjon</i>)	19.12.1991	2006/1108
Kommunedelplan Rånå	19.12.1991	
Kommunedelplan Lesjaskog	19.12.1991	
Kommunedelplan Lora	19.12.1991	
Kommunedelplan Kyrkjebygde	19.12.1991	
Kommunedelplan Kjøremgrenda/Joramo	19.12.1991	
Kommunedelplan Bjorli	Sak 47/07 – 09.10.2007	2006/375
Kommunedelplan Lesjaskogsvatnet	03.07.2003	
Kommunedelplan Lesjaverk	19.12.2001	

Kommunedelplan Hjerkinnskytefelt	2004	2011/801
Kommunedelplan Einbu	02.07.2003	
Kommuneplanens samfunnsdel	Sak 26/07 - 21.06.2007	2007/418
Klima og energiplan for Lesja kommune	2012	2008/1130
<i>Delplaner for teknisk service og infrastruktur</i>		
Trafikksikkerhetsplan – tematisk kommunedelplan	18.06.2015	2015/57
Geodataplan for Lesja kommune 2003-2005	Sak 80/02 – 18.12.2002	
Beredskapsplan for skadefelling rovdyr	Revidert juni 2010	2010/445
Plan for vedlikehold av kommunale bygninger		
Rammeplan for avløp	19.03.1992 (Hovedutvalg teknisk)	
Rammeplan for vassforsyning	Sak 22/96 – 27.03.1996	
Hovedplan for vann- og avløp (<i>under utarbeidelse, planprogram mai 2010</i>)		2010/1039
regional plan for utredning av småkraftpotensiale		

<i>Delplaner for helse og omsorg</i>			
Kommunedelplan for helse- omsorg og folkehelse 2012-2020	K- sak 62/12. 20.09.12		2011/223
Handlingsplan for helse, omsorg og folkehelse 2016-2020	KS sak 116/15 Vedtak 17.12.15.		2011/223
Fagplan for psykisk helse og rus 2015-2018 (interkommunal plan 6K)	K-25/15 21.05.15.		15/412
Smittevernplan for Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk 2015-2018	K - 87/15 19.11.15.		15/774
Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2015-2018 (interkom. plan 6K)	K- 13/15		14/895

	26.03.15.		
--	-----------	--	--

Delplaner for oppvekst og kultur			
Handlingsprogram for oppvekst og kultur 2016	14.11.15		2015/955
Handlingsplan for tverrfaglig oppvekstmodell i Lesja (2013-2015)	K-26/14 25.04.13.		2013/206
Kvalitetsutvikling av språk-, lese- og skriveopplæring, juni 2010 + rev 2012	07.09.12		2009/941
Årsplaner for barnehagane	01.11.15		2011/1014
Beredskapsplan for barnehagane, 2006	02.10.06		2006/1019
Kompetanseplan for barnehagane i 6k 2010-2012	02.12.11		2007/1091
Kompetanseplan for skolane i 6k Nord-Gudbrandsdalen 2012 - 2015	29.04.12		2010/377
Elevane sitt skulemiljø. Barna sitt barnehagemiljø. 2010. Lesja kommune som LP-kommune	10.10.14		2010/727
Rammeplan for den kulturelle skolesekken i Lesja 2012-2014	15.09.02		2008/861
Kommunedelplan for kulturvern 1995, ny plan under arbeid 2016			Ikke i arkiv
Kommunedelplan for, idrett, fysisk aktivitet og naturopplevelser i Lesja kommune 2013 – 2017	K-55/14 12.06.15.		2013/134

Diverse overordna planer og reglementer:			
Reglement for folkevalde styringsorgan i Lesja kommune	K-46/07 27.09.2007	K-2/13 17.01.13	
Reglement for Lesja kommunestyre	K-møte 14.04.1976	K-2/13 17.01.13	
Normalreglement for folkevalgtes innsynsrett (Kommunelovens §40 nr 5)	K-46/07 27.09.2007	K-2/13 17.01.13	
Reglement for godtgjøring til folkevalgte i Lesja	K-24/11, 01.06.2011,	K-61/15, 08.10.2015	

kommune	K-2/13, 17.01.2013		
Økonomireglement for Lesja kommune	K-50/09, 27.08.2009	K-2/13 17.01.13	
Reglement for finansforvaltningen i Lesja kommune	K-50/09, 27.08.2009		
Plan for kommunal kriseledelse	K-møte 24.06.1999	Oppdatert når?	
Rådmannens interndelegasjonsreglement	K-1996/75, 30.10.1996	K-32/14, 24.04.2014	
Informasjonsplan	K-68/96, 09.10.1996	17.12.1997	
Arkivplan (under oppdatering i samarb. m/6K)	2002		
Strategisk IKT-plan		Ny plan utarbeides	

Reguleringsplanar

5120001	L12	Ansmyr hytte og boligfelt	24.04.2002
5120002	L12	Aspelund sameie	05.11.2006
5120003	L12	Jernbaneundergang Aura	22.05.2008
5120004	L12	Bellbakken	13.09.2000
5120005	L12	Masseuttak Enebo (planforslag)	
5120006	L12	Bryggen hyttegrend	22.05.2008
5120007	L12	E 136 Joramo-Bottheim G/Sveg	31.01.2008
5120008	L12	E136 G/S Joramo-Jor.ind.omr.	19.12.1985
5120009	L12	G/S veg ved Lesja skule	13.01.1983
5120010	L12	Gangveg Lesja - Belle	28.06.1998
5120011	L12	Hammeren hytteområde	30.03.1995
5120012	L12	Hytteomr. Sørstua Lesjaverk	04.02.2010
5120013	L12	Joramo boligfelt II	19.12.1985
5120014	L12	Joramo boligområde	01.07.1982
5120015	L12	Kloppadalen bolig og hytteområde	26.08.1999
5120016	L12	Krokrud hyttefelt	24.04.2002
5120017	L12	Kyrkjeholen	08.02.1990
5120018	L12	Boligområde ved Lesja stasjon	
5120019	L12	Lesja sentrum	
5120020	L12	Lesja sentrum øst	21.03.2001
5120021	L12	Lesja stasjonsområde	22.02.1977
5120022	L12	Lesjaskog sentrum	28.05.1984
5120023	L12	Lesjaskogsvatnet hyttegrend	27.09.2007
5120024	L12	Masovnområde Lesjaverk gård	23.02.1995
5120025	L12	Masseuttak Lora elv (lagt inn imkommuneplan des 2010	30.03.1995
5120026	L12	Roe Lesjaskog	13.09.2000

5120027	L12	Skogsveg Krokrud hytteområde		22.09.2005
5120028	L12	Øverjordet Lesjaverk		05.03.2009
5120029	L12	Bruhaugen hyttegrend		14.02.2001
5120030	L12	Hyttefelt Hådi-Bø		20.12.2006
5120031	L12	Bjorli Apartmenthotell		02.07.2003
5120032	L12	Bjorli app.hotell -utleiehytter		
5120033	L12	Bjorli boligfelt II		19.02.2003
5120034	L12	Bjorli boligområde		10.10.1985
5120035	L12	Bjorli flyplass og motorsport		13.04.2005
5120036	L12	Bjorli golfbane		27.11.2003
5120037	L12	Bjorli misjonss.og hytteområde		
5120038	L12	Bjorli Sentrum Øst	Planforslag?	
5120039	L12	Bjorli Øst		26.06.1995
5120040	L12	Bjorlia hyttefelt Sør		19.01.2007
5120041	L12	Bjorlia hyttefelt sør-øst		05.03.2009
5120042	L12	Bjorlia Nord		03.05.2007
5120043	L12	Bjorligard hotell		19.02.2003
5120044	L12	Bjorliheimen		14.02.2001
5120045	L12	Bøvermoen hytteområde		22.09.2005
5120046	L12	E136 Parsell Brustaulia		20.12.2006
5120047	L12	Fantkroken		26.01.1995
5120048	L12	Fossfeltet		10.09.2002
5120049	L12	Furulund (Hansmoen)	07.06.0000	
5120050	L12	Guståsen		27.09.2007
5120051	L12	Haugafeltet Trinn 1		13.09.2000
5120052	L12	Haugafeltet trinn 2		25.09.1986
5120053	L12	I/S Bjorlibo		18.12.2008
5120054	L12	Kongelberget DEL AV		29.05.1996
5120055	L12	Lyngstad		06.10.2004
5120056	L12	Lysbakken		30.08.2006
5120057	L12	Myrberget AS		13.04.2005
5120058	L12	Nordre Morken		01.07.2004
5120059	L12	Nyheim 1	Oppheves	
5120060	L12	Utleiehytter Sundegården 2/258		23.02.1995
5120061	L12	Sagatun AS		27.05.1999
5120062	L12	Skriuteigen		29.04.2004
5120063	L12	Snauskriu		13.09.2000
5120064	L12	Storhaugen	?	
5120065	L12	Vetlegrenda og Bjorli friluftspark		02.04.2009
5120066	L12	Hytteområde Kjønnsletten	planforslag	
5120067	L12	Bjorlia Nord-Øst		10.12.2009
5120068	L12	Bjorliberget		18.06.2009
5120069	L12	Naustområde Gåsbu	23.02.95?	
5120070	L12	E136 Bottheim-Bø, Gang/sykkelveg		22.04.2010

5120071	L12	Naustområde Naustvika		29.09.1995
5120072	L12	Naustområde ved Sjongsvatnet		30.03.1995
5120073	L12	Øvre Skriuteigen	oppstart	
5120074	L12	Øvre Lysbakken		30.08.2006
5120075	L12	Bjorlisletten	planforslag	
5120076	L12	Øvre Haugafeltet	oppstart	
5120077	L12	Gamle kongeveg hyttegrend	oppstart	
5120078	L12	Søre Morken	Oppheves	
5120079	L12	Ny atkomst til Lesja stasjon	oppstart	
5120080	L12	Stensrud hyttefelt		18.06.2009
5120081	L12	Søreinbu aktivitet og hytter Langranden	avventer k.plan	
5120082	L12	Masseuttak i Lora		21.06.2007
5120083	L12	Stormyrberget hyttefelt	varsl oppst2006	
5120084	L12	Lysbakken nedre del		29.05.1996
5120085	L12	Heimdal hytteområde		25.09.1986
5120086	L12	Kongelberget H49 og H50		26.10.1999
5120087	L12	Kongelberget H40 - H43 og H47-H48		22.05.1997
5120088	L12	Kongelberget H44-H46		29.05.1996
5120089	L12	Kongelberget H23 - H41		
5120090	L12	Lysbakken hyttefelt-(detaljregulering øvre del)		22.04.2010
5120091	L12	Bøvermoen 1		25.08.1988
5120092	L12	Gammeltuna		23.10.2003
5120093	L12	Lesja boligfelt (øst)	00.00.1982	
5120094	L12	Lesjaskog sentrum (barnehage)		29.09.2007
5120095	L12	Sagelva	Planforslag	
5120096	L12	Hytteområde høgholen		29.06.2011
5120097	L12	Kommuneplan arealdelen	Godkjend	
5120098	L12	Søre Morken reguleringsendring		29.06.2011
5120099	L12	Omregulering Bjorliheimen	avslag	
5120100	L12	Reguleringsplan Lillejordet	Planforslag	
5120101	L12	Lesjaskogsvatnet hyttegrend reguleringsendring		29.06.2011
5120102	L12	Lesja boligfelt (øst)	vedtatt..	
5120103	L12	Endring av del av Nyheim 1		23.02.2012
5120104	L12	Bjorlia Nord-Vest	Godkjend	
5120105	L12	Reguleringsplan Solsiden	Forhåndskonferanse 24.01.2012	
5120106	L12	reg.plan for g/s-veg langs E136 fra lesjeverk til Lora		08.09.2011
5120107	L12	reg.plan E136 rundkjøring på Bjorli		27.10.2011
5120108	L12	regulerimngsendring Utleiehytter sundegårdene	Godkjend	
5120109	L13	Omregulering Hådi-bø	Varsla oppstart, 27.04.12	
5120110	L12	E136 gang-sykkelveg Hovauk - Kårbø	Godkjend	
5120111		Reguleringsendring Bjorlia Sør-øst.	Godkjend	
5120112		Bjorli sentrum sør	Godkjend	
5120113		Reguleringsplan Systemenga I	oppstart varslet	
5120114		Skiløype Bjorlia	Offentleg ettersyn	
5120115		Guståsen	godkjend,	
5120116		Reguleringsplan for fritidsleiligheter og fritidsboliger ved Bjorli		
5120117		Appartementshotell	godkjend	
5120118		Reguleringsendring for Hansmoen	Godkjend	
5120118		Bjorlia hyttefelt sør mindre endring	plan vedtatt	

5120119	E136 Jora bru	godkjend
5120120	Reguleringsendring Bjorlia hyttefelt nord	godkjend
5120121	Reguleringsendring Bjorli Misjonssenter	godkjend, korrigert id
5120122	Reguleringsplan Kårbøseter grustak	Godkjend
5120123	L12 Områdereguleringsplan for Bjorlitoppen	Offentleg ettersyn
5120124	Områdereguleringsplan for overvann øst for Bjorli alpinanlegg	Kansellert
5120125	Reguleringsplan for Lyftingsmo	Godkjend
5120126	Reguleringsplan for R11E Lordalen 1	Godkjend
5120127	Bjorligard, endring	Godkjend
5120128	Lesja sentrum	Igangsett planarbeid
5120129	Bjorli Vintercamping	Godkjend
5120130	Gang-/sykkelveg Lisser-Solsida	Varsla oppstart
5120131	Vestsidivegen - Slådalsvegen	Varsla oppstart
5120132	Sveen	Godkjend
5120133	Bjorli Låve	Offentleg ettersyn
5120134	Enebo grustak	Godkjend
5120135	Sjåheimberget	Varsla oppstart
5120136	Søre Morken II	Varsla oppstart
5120137	Haugafeltet Panorama	Varsla oppstart
5120138	Bjorli Alpingrend	Varsla oppstart
5120139	Bjorliheimen	uformelt møte
5120140	Vetlegrenda og Bjorli friluftspark	Endring på høyring
5120141	E136 Rødstøl – Stueflotten – gangveg	oppstartsmøte, SSV midt
5120142	Storåkeren næringsområde	oppstartsmøte 24.09.15
5120143	Reguleringsplan Systerenga II	oppstartsmøte
5120144	Lesjaskogsvatnet camping	Varsla oppstart